



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 6, 9. februar 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Studentveka: Utselt på Ylvis-arrangementet

På konsertprogrammet på studentveka står blant anna [Ylvis 24. februar](#) - men der er det alt er utselt. Men på andre arrangement er det framleis råd å skaffe seg plass: [Kapteinen](#) (16. februar), [Hedda Mae](#) (17. februar), [Lars Vaular](#) (18. februar) - og på [Kjærlighetspodden \(Sissel Gran og Catrin Sagen\)](#) 23. februar. Programmet for veka finn du både på Facebook og på [Rokken sine nettsider](#).

LES MEIR



Studentveka 2023 startar i morgon

Studentveka 2023 startar med premiere på studentrevyen fredag 11. februar. Og i år heiter revyen: "På feil fest". Revyen blir arrangert på [Rokken](#). På revyframsyningane 12. 13. og 14 februar kan ein kjøpe [billetter på Tikkio](#). Meir informasjon om Revyen er på [Facebooksida til Vekerevyen](#).

LES MEIR

Studium og studentliv



Studentveka - heile programmet

Informasjon om fleire av arrangementa finn du på nettsida til [Rokken](#). Billetter til arrangementa på studentveka finn du på [Tikkio](#). Her er programmet for heile studentveka ([henta frå nettsida Ørsta Volda](#)):

- 11.-14. februar: [Vekerevyen](#), Rokken
- Onsdag 15. februar: Kviss på Rokken
- Torsdag 16. februar: Kapteinen, Rokken
- Fredag 17. februar: Hedda Mae, Rokken
- Laurdag 18. februar: Lars Vaular, Rokken
- Søndag 19. februar: Speltturnering, Rokken

Tysdag 21. februar: Ølsmaking, Rokken
Tysdag 21. februar: Veka Vision (talentkonkurranse), Rokken
Onsdag 22. februar: Veka-kviss, Rokken
Torsdag 23. februar: Extradagen - rebusløp Coop Extra - Årneset (for inviterte barnehagar)
Torsdag 23. februar: Kjærlighetspodden, Rokken
Fredag 24. februar: Ylvis (utselt)
Laurdag 25. februar: Livleg laurdag for barn, Idrettsbygget
Laurdag 25. februar: Temafest på Rokken
Søndag 26. februar VSI Kanonballturnering, Idrettsbygget

Student-loppemarknad i BK Kantina 14. februar

Naturvernstudentane og Studentparlamentet inviterer til Student-loppemarknad i kantineområdet tysdag 14. februar, altså midt i Veka i Volda. Loppemarknaden går i tida kl 10.30-14.00. Studentar blir inviterte til å møte opp med ting dei vil selje og for dei som ikkje kan passe på tinga heile tida vil Studentparlamentet hjelpe til. Byttehandel og gratis-krok blir det også. [Les meir om loppemarknaden.](#)

Biblioteket opnar rettleiingsskranke for studentar

Biblioteket ved Høgskulen i Volda vil gi studentar ekstra god rettleiing og opnar difor ein ny skranke i biblioteket, til venstre ved inngangen, ved tidsskrifta. Studentar som ønskjer hjelp til litteratursøk, kjeldebruk, APA og grunnleggande oppgåvehjelp skal få det tysdagar og torsdagar kl 11.30-14.00, og første dag blir tysdag 14. februar.

[Tekst og tanke - masterlesesalen på biblioteket - 22. februar](#)


Allmøte for alle tilitsvalde studentar - 9. mars

Studentombod Gøril Hillersøy vil vere blant innleiaren på allmøtet, med hovudtema studentrettar og eksamen. Det blir også servert varm mat. Studentparlamentet ønsker velkomen til alle tillitsvalde. [Les meir på nettsida vår.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Blomkål/brokkoli-grateng med tomat og rødløksalat
Tysdag: Steikt laksefilet med agurksalat
Onsdag: Pasta bolognaise med focaccia
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning



Stor deltaking på nettseminar om ChatGPT og kunstig intelligens

Fagfolk på Høgskulen i Volda heldt torsdag 2. februar kl 14-15 seminar om ChatGPT og kunstig intelligens. Det var svært stor interesse for seminaret og over 100 deltakarar. Arrangementet var i regi av Læringsverkstaden på høgskulen og blei arrangert på Teams. [Rådgivar Sindre Sandbakk](#) på Læringsverkstaden var kontaktperson og kan også kontaktast om liknande spørsmål.

Kunstig intelligens blir sak i Utdanningsutvalet

Godt over 100 tilsette på Høgskulen i Volda deltok i nettseminar om kunstig intelligens i førre veke. Høgskuleleiinga ønsker at Utdanningsutvalet skal drøfte korleis Høgskulen i Volda skal forholde seg til dei mange nye tenestene som no dukkar opp og som blant anna utfordrar dei vante måtane å skrive innleveringsoppgåver og heimeeksamenar på. [Utdanningsutvalet har sitt neste møte 15. februar.](#) Nettavisa [Khrono har skrive om korleis utdanningsinstitusjonar rundt om i verda møter den nye teknologien.](#)

Forskningsgruppene har fått tildelt 1,3 millionar kroner

Forskningsadministrasjonen har tildelt 41 forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda i alt 1,3 millionar kroner. Gruppene med 10 eller fleire medlemmer har fått tildelt kr 50.000 kvar, medan dei mindre gruppene får mindre beløp avhengig av talet på medlemmer. [Sjå tildeling til forskingsgruppene på nettsidene til Forskningsadministrasjonen.](#)

Rektorbloggen: Færre førstekompetente på Høgskulen i Volda

Andelen første- og toppkompetente ved Høgskulen i Volda har gått ned frå 53 til 49 prosent frå 2021 til 2022. [Men for framtida ser det lovande ut, står det i rektorbloggen.](#)



Medietrening for forskarar på MANREPORT-prosjektet

Forskningsprosjektet MANREPORT har forskingskommunikasjon og forskingsformidling som ei viktig side ved prosjektet, og no har forskarane tilknytt prosjektet hatt medietrening blant anna i fjernsynsstudio ved Avdeling for mediefag. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Vidareutdanning av lærarar (KfK): Rekordstort tilbod ved Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda har for skuleåret 23/24 fått tilslag på seks heilt nye tilbod innanfor satsingane Kompetanse for kvalitet (KfK) og Kompetanse for fremtidens barnehage (KfB), noko som gjer at HVO har rekord med 815 studieplassar fordelt på 20 ulike fagtilbod. [Les meir om tilboda på nettsidene våre.](#)

Stor interesse for kurs i akademisk skriving

Elin Gundersen, Roar Stokken og Jostein Garcia de Presno har invitert kollegaer til erfaringsdeling i akademisk skriving, og sende ein open invitasjon til alle tilsette på HVO om å delta på eit seminar i løpet av våren. Dei har fått god respons frå over 20 kollegaer, så no er det heilt sikkert at det blir arrangert seminar. Arbeidsgruppa kjem tilbake med tid og stad seinare.

Biblioteket: Les - og publiser - også i Elseviers database Science Direct

Alle tilsette og studentar har no fått tilgang til rundt 2.400 tidsskriftartiklar frå Elseviers database Science Direct. Databasen dekkjer fagområde som helsefag, humanistiske fag, realfag og samfunnsfag. Tidsskriftartiklar får ein tilgang til ved å søkje i Oria eller [gå direkte til Science Direct](#). I tillegg kan tilsette publisere ope tilgjengeleg i dei fleste av desse tidsskrifta. Dette er same type «publiser-og-les-avtale» som HVO har for andre forlag. Du finn meir informasjon om desse avtalane på [openforsking.no](#).

Biblioteket (2): Du kan lese - men ikkje publisere på Sage, Taylor & Francis og Wiley

[SIKT](#) forhandlar om nye avtalar for alle norske høgskular og universitet med dei tre utgjevarane Sage, Taylor & Francis og Wiley. Nye avtalar er ikkje på plass, og inntil vidare kan ein berre lese artiklar - men ikkje publisere ope tilgjengeleg innanfor HVO-avtalen i tidsskrift frå desse tre utgjevarane. Biblioteket vil kome med ny informasjon så snart dei veit meir

Styre og stell

Stabilt sjukefråvær ved Høgskulen i Volda

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ved HVO har sitt neste møte 14. februar, og på [dagsorden står blant anna statistikk over sjukefråvær i 2022](#). For året sett under eitt var sjukefråværet på 6,9 prosent, som er same resultat som 2021. Høgskulen har som målsetting å få lågare sjukefråvær, og i første omgang skal AMU drøfte kva som bør gjerast for å oppnå det. Det kortvarige fråværet i 2022 var litt høgare enn året før, noko som kan skuldast at fleire tilsette har følgd oppmodinga om å halde seg heime ved symptom og å nytte eigenmelding.

Voldatunnelen blir dyrare enn føresett

Voldatunnelen har tidlegare vorte kostnadsrekna til ca. 1,1 milliardar kroner, men no ligg det føre nye byggealternativ med kostnadsoverslag frå ca. 1,8 til 2,4 milliardar kroner. Etter det dyraste framlegget blir de bygt to parallelle tunnelar, eitt mellomalternativ vil gi ein tunnell for bilar og ein rømmingstunell som kan brukast av gåande/syklande. Det billegaste alternativet inneheld ein tunnell for biltrafikk og førebuing til å bygge ein parallell tunnell i framtida.

Studentbarnehagen - også for barn av HVO-tilsette

Det er søknadsfrist i studentbarnehagen 1. mars. Barn av studentar og tilsette ved Høgskulen har prioritet ved opptaket. [Les meir på nettsidene til Sivolda.](#)

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Janne Heggvoll har fått opprykk til førstelektor

[Janne Heggvoll](#), AKF, har fått personleg opprykk til førstelektor i kunst og handverk. Heggvoll fekk opprykket at ho vart tilkjent kompetanse som førstelektor ved at ho søkte på ei stilling ved Nord universitet.

Nytt om tilsette

[Cindy Marita Hoddevik Kupaen](#) har teke til i fast stilling som rådgjevar på Personal- og dokumentforvaltning

[Magnus Magerøy Næverlid](#) hare teke til i fast stilling som rådgjevar på Personal- og dokumentforvaltning

[Kristine Mork Bjørneset](#) har gått over frå mellombels til stilling som adminstrasjonssjef på Avdeling for mediefag

[Leif Longvanes](#) har teke til i fast stilling som førstelektor på ASH/IPAS
Jarle Pedersen, ASH, har vorte pensjonist

Faglege arrangement - og fristar

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og no har [Læringsverkstaden](#) invitert tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebræv frå Læringsverkstaden.](#)

Forskarskulen PROFRES: Søknadsfrist for opptak er 15. februar

Forskarskulen PROFRES har opptak to gonger i året, og neste opptak har søknadsfrist 15. februar. [Her er meir informasjon om og søknadsskjema til opptak på PROFRES.](#) Høgskulen i Volda er ein av institusjonane bak forskarskulen PROFRES som rettar seg mot doktorgradsstudentar innanfor fagområda helse, velferd og utdanning. Inntil 60 ph.d.-kandidater kan vere med i PROFRES-nettverket. Prosjektkontoret ligg ved Universitetet i Stavanger, og i tillegg til UiS og HVO er det seks andre norske institusjonar i nettverket: Universitetet i Agder, Universitetet i Sørøst-Norge, Nord Universitet, Høgskulen på Vestlandet, og Høgskulen i Molde. Høgskolen i Østfold er assosiert partner og internasjonale partnarar er Roskilde Universitet og Tallin Universitet. Forskarskulen er finansiert av Noregs forskingsråd fram til 2030. [Les også om PROFRES på nettsidene våre.](#)

Mini-seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette 22. februar

Høgskulen i Volda arrangerer 22. februar seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette. Seminaret er altså ikkje eit norskkurs i seg sjølv, men handlar om kunnskapar om og erfaringar med norskopplæring av fagleg tilsette, og korleis andre institusjonar løyser dette. Seminaret har to innleiarar som begge arbeider ved Universitetet i Bergen: Professor [Ann-Kristin Helland Gujord](#) som har forska på desse spørsmåla, og [universitetslektor Else Berit Molde](#) som har arbeidd praktisk med norskopplæring av internasjonale tilsette. [Her er meir informasjon om seminaret - og lenke til påmelding. Seminaret er gratis.](#) Påmeldingsfristen er 15. februar 2023. Les også omtale av norskopplæring ved Universitetet i ein [artikkel i Khrono](#) og om [språkdebatt på UiO 31. januar.](#)

SEANSE inviterer til kunstnaropphald - søknadsfrist 1. mars

Seanse - senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda er einaste i landet som tilbyr kunstnaropphald for prosjekt innan alle kunstsjangrar. Både enkeltkunstnarar og grupper er velkomne til å søke. I år vert samlingane i veke 24, 25, 42 og 43. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrighet står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærer sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre](#). Søknadsfristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka](#).

Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 15. mars

Internasjonalt utval har lyst ut midlar til oppretting eller utvikling av engelskspråklege emne, og søknadsfristen er 15. mars. Eit emne på 15 studiepoeng kan få inntil kr 75.000 i støtte. Internasjonalt utval handsamar søknader i møte 27. mars, og det er ein føresetnad at emnet er eller vert godkjent av Utdanningsutvalet. Prorektor Odd Helge Tonheim sende invitasjon til alle tilsette 3. februar, og der låg det også ved meir informasjon om utlysinga og krav til søknader. Søknader skal sendast til [Arne Humberset](#) ved Internasjonalt kontor.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Fem voldaforskarar har publisert "Cogent Education"

Fem forskarar ved Høgskulen i Volda har saman publisert artikkelen: ["Perceived teacher support in secondary education from 1980 to 2019: An integrative review"](#) i tidsskriftet Cogent Education. Dei fem forskarane er førstemanuensis Violeta Lozano Botellero (AKF), [førstemanuensis Stine M.](#)

[Ekornes](#) (AHL), [professor Siv M. Gamlem](#) (AHL), [professor Wenche Torrissen](#) (AKF) og [professor Helga Synnevåg Løvoll](#) (AKF).

Ny forskingsrapport: Evaluering av kommunedelsutval i Ålesund

[Professor Bjarte Folkestad](#), ASH, har saman med tre masterstudentar skrive ein forskingsrapport med tittelen «[Evaluering av forsøksordninga med kommunedelsutval i Ålesund kommune](#)». Rapporten er tilgjengeleg på nettsida til Høgskulen i Volda. Dei tre masterstudentane er [Fredric Holen Bjørdal](#), [Elise Hjelle Sandvik](#) og Marthe Alnes Aarøe. Dei to første leverte masteroppgåvene sine i 2022, medan Alnes etter planen blir ferdig seinare i år.

I samandraget i rapporten står: "Hovudintrykket vårt er at politisk leiing, ungdomar i utvala og utvalsmedlemer generelt er nøgde med måten kommunedelsutvala fungerer på." Men i rapporten vert det teke atterhald om at undersøkingane vart gjennomført tidleg i kommunedelsutvala sin leveperiode.

Bjarte Folkestad seier at forskingsprosjekt som omhandlar lokaldemokrati og ulike former for innbyggjarmedverknad, er viktige og relevante for Høgskulen i Volda. For ein institusjon som tilbyr utdanning i administrasjon og samfunnsplanlegging, er ny og oppdatert kunnskap om lokaldemokrati særskilt viktig for å kunne drive god forskingsbasert undervisning.

Resultat frå Digihand-prosjektet: Blyanten trengst framleis

I eit debattinnlegg i Utdanningsnytt diskuterer forskarane i Digihand-prosjektet om elevar bør få utdelt digitale vertkøy eller blyant. Forskarane skriv: "Vi trur at diskusjonen blir meir interessant om vi seier "ja takk, begge deler", og ser på kva dei ulike skriveverktøya passar godt til." Forskarane bak debattinnlegget kjem frå Høgskulen i Volda og frå Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger (UiS): Wenke Mork Rogne, Siv M. Gamlem, Pernille Fiskerstrand, Eivor F. Spilling, Liv Kristin B. Øvereng og Lina Kobberstad (alle HVO) og Vibeke Rønneberg og Camilla Fitjar (UiS).

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Rådgivar ved Driftsavdelinga \(innkjøp\)](#) - søknadsfrist 15.2.2023

[Lærling i IT-driftsfag](#) - søknadsfrist 1.3.2023

[Professor / dosent / førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i samfunnsvitenskap](#) - søknadsfrist 10.3.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

11.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
11.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
14.2.2023: [Student-Loppis](#), BK Kantina
22.2.2023: [Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
29.3.2023: Konsert med høgskulekoret
30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta
20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
[Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

8.2.2023: [Færre førstekompetente på HVO – men framtida ser lovande ut](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

